

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.06.2026	056/26
Kommunestyret	18.06.2026	068/26

Øygarden 2040 - oppdatert investerings- og driftsanalyse

Kort om saka

I denne saka legg kommunedirektøren fram oppdatert kunnskapsgrunnlag om kommunen sitt samla investeringsbehov og tilhøyrande driftskonsekvensar, som del av arbeidet med Øygarden 2040.

Kunnskapsgrunnlaget bygger på behovsanalysar innan helse og velferd, oppvekst og samfunnsutvikling. Desse analysane vert lagde ved saka, men er ikkje fullstendig reviderte i 2026 og har ikkje vore gjennom ordinær behandling i råd og utval.

Det er likevel gjennomført ei avgrensa oppdatering av analysane med to hovudføremål:

- å sikra felles struktur og bruk av same mal, i tråd med tilbakemelding frå politisk nivå i førre runde
- å fanga opp nye og tidskritiske behov som ikkje var tilstrekkeleg synleggjorde tidlegare, slik at desse kan inngå i arbeidet med økonomiplan 2027–2030

Øygarden 2040 er kommunen sitt viktigaste verktøy for langsiktig samfunns- og økonomiplanlegging, og skal bidra til at prioriteringar på kort sikt støttar opp under ei berekraftig utvikling over tid.

Det samla kunnskapsgrunnlaget viser eit betydeleg investerings- og kapasitetsbehov framover, særleg innan helse og velferd. Samstundes er dei identifiserte behova vesentleg høgare enn det kommunen realistisk kan gjennomføra innanfor gjeldande økonomiske og organisatoriske rammer.

Saka vert lagt fram for å gi politisk nivå eit oppdatert og breitt kunnskapsgrunnlag inn i arbeidet med økonomiplan 2027–2030. Konkrete tiltak og investeringar vil verta lagde fram som eigne politiske saker, med ordinær involvering av råd og fagutval.

Det er vanskeleg å lesa innhaldet i tabellane i saka fordi dei er breiare enn dokumentet. Vi har difor lagt tabellane i eit vedlegg, der dei er viste i større format.

Dokument vedlagt saka

Tittel
Vedlegg - Større bilete av tabellane i saka
Behovsanalyse Samfunnsutvikling
Behovsanalyse helse og velferd
Behovsanalyse oppvekst

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret tek saka til orientering som kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med økonomiplan 2027–2030.
2. Kommunestyret ber om at konkrete tiltak for handtering av kortsiktige behov vert lagt fram som eigne politiske saker hausten 2026, med involvering av råd og utval.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Øygarden 2040 er kommunen sitt system for langsiktig driftsanalyse og investeringsplanlegging. Prosessen er framleis relativt ny, og skal leggja til rette for ei meir heilskapleg tilnærming til samfunns- og økonomiplanlegging.

Føremålet er å sikra at dei investeringane kommunen gjer på kort sikt også er berekraftige og riktige på lang sikt, både fagleg og økonomisk. Arbeidet skal gi eit samla kunnskapsgrunnlag som støttar politiske prioriteringar på tvers av sektorar og behov.

Behovsanalysane er ein sentral del av dette arbeidet, og skal visa det samla behovet for bygg og kapasitet framover. Desse analysane dannar grunnlaget for den langsiktige drifts- og investeringsplanen, der både investeringskostnader og driftskonsekvensar vert vurdert samla.

Det er tidlegare lagt opp til at behovsanalysane skal reviderast kvart anna år. Neste fulle revidering er planlagt i 2027, i tråd med dette.

Status og oppdateringar i 2026

Det er ikkje gjennomført ei full revidering av behovsanalysane i 2026. Analysane byggjer difor i hovudsak på grunnlaget frå førre runde. Det er likevel gjort to viktige oppdateringar:

1. **Felles struktur** - alle behovsanalysane er no lagt inn i same mal, i tråd med tilbakemeldingar frå politisk behandling i 2025. Dette gir betre samanheng og samanliknbarheit på tvers av sektorar.
2. **Oppdatering av behov på kort sikt:** - behov som slår inn på kort sikt, og som ikkje var tilstrekkeleg synleggjorde i førre runde, er lagt til i behovsanalysane. Dette gjeld særleg helse og velferd, der det er identifisert eit kortsiktig behov for omlag 20 heildøgns omsorgsplassar for eldre og behov for å auka avlastningskapasitet til barn og unge.

Nye behov på kort sikt er tekne inn i analysen for å sikra at dei er synleggjorde i tide til arbeidet med økonomiplan 2027–2030.

Oppsummering av framtidig behov innan helse og velferd:

Behovsanalysen viser eit samla behov for rundt 300 nye heildøgns omsorgsplassar fram mot 2040, fordelt på:

- **Eldre:** Over 200 heildøgns omsorgsplassar for eldre i perioden fram mot 2040, for å sikra dekningsgrad på 16 prosent. Dette er plassar som kjem i tillegg til allereie vedtekne tiltak (sjukeheim og omsorgsbustadar). Analysen viser også særleg utfordringar på kort sikt, med omlag 20 heildøgns omsorgsplassar.
- **Personar med nedsett funksjonsevne:** Analysen viser eit behov for minimum 28 nye omsorgsbustadar, utover dei åtte vedtekne plassane i Terna. 14 av desse plassane slår inn på kort sikt. Det langsiktige behovet er venta å auka ytterlegare, blant anna grunna stor auke i barn med særskilte behov.
- **Avlastningsbustadar for barn:** Stort behov for å auka kapasiteten i avlastningsbustadar. På kort sikt er det behov for rundt 10 avlastningsbustadar, fordelt på to ulike tiltak. Fem av desse plassane er tiltenkt barn med vedtak frå både barnevern og oppvekst.
- **Personar med helseutfordringar knytt til psykisk helse og rus:** Behov for 6-8 nye plassar i bufellesskap, i tillegg til allereie innkjøpte robustbustadar.

Analysen viser også til ulike strategiske grep som er viktig for å redusera investeringsnivået mest mogleg:

- Etablering av heilskapleg innsats- og bustadtrapp, som sikrar riktig hjelp til riktig tid. Dette inneber blant anna:
 - Styrka heimetenesta gjennom innsatsteam for å redusera liggedøgn på korttidsopphald og venting for utskrivingklare pasientar
 - Auka satsing på heimetenesta og frivilligheit for å utsetta behovet for institusjonsplass
 - Dreia kapasiteten mot fleire heildøgns omsorgsbustadar for meir berekraftig drift
 - Ta i bruk velferdsteknologi som del av ein heilskapleg tenestemodell
- Legga til rette for samarbeid med private aktørar i utvikling av omsorgsbustadar

Dersom alle behova innan helse og velferd skal realiserast, vil det utløysa eit samla investeringsbehov på 2,9 mrd. kroner fram mot 2046.

Investering	Totalt inn.kost, kr.årsvis																	Totalt inn.kost eks investeringslikvid	Totalt inn.kost eks						
	Tot. kyst 2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040	2041	2042			2043	2044	2045	2046		
Ny sjukeheim Straume		5	33	113	302	114																		687	765
Fritt sjukeheim (rehab)						21	65	173	51															210	423
Omsorgsbustadar eldre i samarbeid med private				302	-77																			210	363
Oppgradering Straume bo- og servicesenter										30	87	232	67											425	477
MMNF - Terna	6	25	23																					54	68
MMNF - nytt bufellesskap 14 plassar				30	90																			120	60
MMNF - nytt bufellesskap 14 plassar						30	90																	120	60
Austringstilbod barn				10	30																			40	40
Austringstilbod barn				10	30																			40	40
Rehabilitering Sundheivsen																	14	42	111	8				175	278
Rehabilitering Tredobakkane																	22	66	176	70				334	440
Omsorgsbustadar eldre (40 plassar)					10	29	78	10																127	127
Omsorgsbustadar eldre (20 plassar)				25	25																			50	21
Omsorgsbustadar eldre (40 plassar)									10	29	78	10												127	127
Omsorgsbustadar eldre (40 plassar)										10	29	78	10											127	127
Omsorgsbustadar Rus/ psykisk helse							15	45																60	127
Totale invest.kostnader	6	30	91	518	355	194	248	267	148	261	145	10	10	29	78	32	66	176	84	42	111	8	2901	3228	

Figur 1, investeringsbehov helse og velferd

Oppsummering av framtidig behov innan oppvekst:

Vurderingane i behovsanalysen for oppvekst bygger på tidlegare analysar og arbeid gjort i samband med utarbeiding av barnehage- og skulebruksplan (vedteke desember 2024). Endringar her handlar om å få oppvekst sine behov tilpassa same mal som dei andre behovsanalysane.

Behovet for barnehage- og skuleplassar er samla sett stabilt fram mot 2040, men med store geografiske forskjellar – med vekst i sentrale område og ledig kapasitet i nord og sør. Særleg regionsenteret vil ha eit prekært behov for auka kapasitet innan kort tid. Derimot er det god kapasitet på skulane i nord og sør.

Dei viktigaste utfordringane er kapasitetspress i sentrale område, vedlikehaldsetterslep i eksisterande bygg og auka behov for tilrettelegging for elevar med særlege behov.

Tabellen under viser estimert investeringsramme dersom kommunen skal planlegga for tilstrekkeleg kapasitet framover. Følgjande tiltak er allereie politisk vedteke:

- Fjell ungdomsskule
- Ny skule på Vestsida
- Rehabilitering av Ågotnes

Dersom alle behova skal realiserast, vil det utløysa behov for investeringar på rundt 2,8 mrd. kr. fram mot 2045. Det vert presisert at dette er grove tal basert på erfarings- og nøkkeltal. Det er første når dei ulike prosjekta vert vedteke at endeleg investeringsramme vert tildelt.

Investering	Tidl.																	Total invest.kos				
	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040	2041	2042		2043	2044	2045	
Fjell ungdomsskule	27	154	289	215																	685	
Ny skuleVestsida		10	30	90	70																200	
Liljevatnet barnehage						10															10	
Rehab. Ågotnes						21	63	167	167												418	
Rehab. Brattholmen								13	38	100	100										251	
Ny barnehage Bildey								7	26	33											66	
Rehab. Foldnes										10	30	78	78								196	
Ny barneskule Lillesotra			23	67	180	180															450	
Rehab. Hjelteryggen												10	30	81	81						202	
Rong skule																	5	15	39	39	98	
Øygarden ungdomsskule																	10	30	80	80	200	
Sund ungdomsskule																		9	28		37	
Totale invest.kostnader	27	164	319	328	137	211	243	187	231	143	130	88	108	81	81	10	35	104	147	39	0	2 813

*Barnehage- og skulebruksplanen er ikkje vedteke anna enn tiltaka fram til 2028

Figur 2, investeringsbehov oppvekst

Oppsummering av behov innan samfunnsutvikling

Behovsanalysen for samfunnsutvikling er slått saman av to tidlegare analysar (kultur og idrett og eigedomsanalyse), og innarbeid i same mal som dei andre behovsanalysane.

Oppsummert viser analysen at kommunen har eit relativt stor omfang av anlegg i kommunen, som samla sett dekkjer behova ut frå innbyggartalet. Det er likevel store geografiske skilnadar, og det er særleg rundt regionsenteret det er press på tilboda. Det vert også peika på behovet for å sikra verdibevaring og møteplassar, særleg i område med stor utbygging og vekst.

Vidare peikar analysen på eit omfattande behov innan eigedom og infrastruktur. Det er betydeleg vedlikehalds- og oppgraderingsbehov i kommunale bygg, samt eit aukande etterslep innan veg, bruer og kaiar. Samstundes gir vekst i utbygging og nye uteområde auka drifts- og vedlikehaldskostnader, og det er behov for auka innsats for å ta vare på verdiar og sikra kvalitet over tid.

Samla viser analysen eit stort investeringsbehov både i anlegg, bygg og infrastruktur, og behov for ein meir berekraftig og prioritert ressursbruk framover.

Basert på behovsanalysen er viser grove kalkylar eit forventa investeringsbehov fram mot 2041 på 1,5 mrd. kr.

Investering	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040	2041	Total invest.kost
Adm.bygg/Seisio																		67
Kultursal i samband med ny VGS på Stovevstnet			6	20	55	54												135
Interkommunalt svømmehall								25	50									75
Kunstsgressbanar, granulat				17		29	30			24			25					125
Fleirbrukshallar			5	6	7	13	2	10	3	15			3	8	5			80
Kommunale kulturbygg			3		2	1	4		1	3	2		2	8	1			27
Hastetiltak vedlikehald		12	30	30	30	30	30	30	30	30	30							282
Veg, kai og bru		8	14	14	16	11	11	11	11	11	11	11	11	11	11	11	11	184
Vedlikehaldsretterlep		35	35	35	35	35	35	35	35	35	35	35	35	35	35	35	35	560
Årlige invest.kostnader	0	122	93	122	145	173	112	86	105	168	78	49	76	62	52	46	46	1535

Figur 3, investeringsbehov samfunnsutvikling

Samla investerings- og driftsanalyse:

Alle behova identifisert i behovsanalysane er samle og innarbeidd i ein samla investeringsplan. Det vert presisert at tala er grove estimat, basert på nøkkeltal. For investeringsbehov lengre fram i tid er det nytta erfaringstal frå andre kommunar og eigne nøkkeltal. Kostnader blir deretter rekna ut frå eigne erfaringstal og Norsk prishandbok. Denne metoden er nyttast når det ikkje er konkrete prosjekt å vurdere, og det difor kan vera avvik når tiltaka skal konkretiserast.

Investering	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040	2041	2042	2043	2044	2045	2046	2047	2048	2049	2050	Total invest.kost
Investeringsbehov i oppvekst	27	194	139	128	137	211	241	187	221	143	130	88	109	81	81	33	35	104	147	38	0	0	0	0	0	0	2813
Investeringsbehov i helse	6	30	95	119	105	104	245	267	148	261	145	10	10	29	79	32	65	176	84	42	111	8	0	0	0	0	2981
Andre investeringsbehov		122	93	122	145	173	112	86	105	168	78	49	76	62	52	46	46	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1535
Totalt invest.kostnader	33	316	327	369	467	528	458	376	454	572	353	147	194	172	211	89	147	286	221	81	111	8	0	0	0	0	7249

Figur 4, samla investeringstabell

Fordelt på fireårs-perioder ser investeringstabellen slik ut:

Samla investeringstabe	Tidl. løyvd	2026-2029	2030-2033	2034-2037	2038-2041	2042-2045	2046	Sum
Investeringsbehov i oppvekst		27	948	872	469	207	290	2813
Investeringsbehov i helse		6	986	857	426	205	413	2901
Andre investeringsbehov		0	482	476	371	206	0	1535
Totalt invest.kostnader		33	2 416	2 205	1 266	618	703	7 249

Figur 5, samla investeringstabell fordelt på fire-års periode.

Som tabellen viser er det totale investeringsbehovet på 7,2 mrd. kroner fram mot 2040. Auken frå i fjor ([KS-sak 063/25](#)) handlar i hovudsak om kunnskap om nye behov. Det er særleg i første periode investeringsbehovet ligg særleg høgt. Det handlar om kapasitetsutfordringar allereie no, og etterslep på vedlikehald.

Nokre av investeringane kan tenkast å verta redusert, blant anna gjennom auka samarbeid med private aktørar innanfor etablering av heildøgns omsorgsbustadar. Husbanken set likevel krav om at kommunen må innarbeida investeringskostnaden i sine budsjett for å innfri krava til investeringstilskot. Det må også understrekast at investeringsplanen ikkje inneheld investeringsbehov innanfor vatn og avløp, ettersom dette er organisert som eit eige aksjeselskap i Øygarden kommune.

Driftsanalyse

Det er vanskeleg å anslå rentenivået i eit 15-20 års perspektiv. I dei næraste åra er det forventat at renta vert redusert, og vil stabilisera seg rundt 4 %. Vi har difor i berekningane tatt utgangspunkt i eit rentenivå på 4 % når vi har rekna finanskostnader.

Som ein konsekvens av høgare investeringar og dermed høgare gjeldsnivå vil finanskostnadane også auka. Figuren under viser auka finanskostnader ut over kr 150 mill i investeringar som er noverande ramme.

	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040	2041	2042	2043	2044	2045	2046
Renter/ avdrag	10	25	55	74	92	110	125	139	156	165	167	171	174	178	178	180	185	189	188	188	184

Figur 6, oversikt over finanskostnader ut over kr. 150 mill. i investeringar.

Finanskostnader (renter og avdrag) vert ført i driftsrekneskapen og høgare finanskostnader vil redusera det økonomiske handlingsrommet i driftsbudsjettet. Driftsanalyse – driftsmessige konsekvensar av investeringsplanen Ein ny sjukeheims plass vil kosta om lag 1 million kr å drifta (bemanning og andre driftsutgifter). Det er vedtatt å bygga ny sjukeheim med 80 nye plassar som skal ferdigstillast i 2030. Dette vil bety auka driftsutgifter på 80 millionar kr frå og med 2030/ 2031.

Kommunane vil i utgangspunktet få kompensasjon frå staten for demografiske endringar. Det betyr at vi får auka rammetilskot når talet på eldre innbyggjarar aukar. Samtidig vil vi få trekk i rammetilskotet når talet på barn og unge blir redusert. Det er difor avgjerande at kommunen greier å tilpassa tenestetilbodet til dei demografiske endringane.

Oppfølging av samfunnsdelen til kommuneplanen

Arbeidet med Øygarden 2040 og dei tilhøyrande behovsanalysane er tett knytt til rolla som kommunen som ansvarleg samfunnsaktør, og stettar slik opp under eitt av hovudmåla i samfunnsdelen. Gjennom å synleggjera framtidige behov, prioriteringar og økonomiske konsekvensar, tek kommunen eit aktivt ansvar for å sikra berekraftige tenester og ei forsvarleg utvikling av lokalsamfunnet.

Saka bidrar til å styrka kommunen si evne til å planleggja langsiktig og heilskapleg, både når det gjeld tenestetilbod, arealbruk og økonomi. Dette er i tråd med målet om at kommunen skal forvalta felles ressursar på ein ansvarleg måte og leggja til rette for gode og trygge levekår for innbyggjarane over tid.

Samstundes synleggjer saka krevjande målkonfliktar som del av dette ansvaret, særleg knytt til:

- prioritering mellom sektorar og tenesteområde
- omstilling som følgje av demografiske endringar
- balansen mellom høge investeringsbehov og økonomisk bereevne

Å handtera desse motsetnadene på ein open og kunnskapsbasert måte er ein sentral del av kommunen si rolle som ansvarleg samfunnsaktør, og understrekar behovet for tydelege politiske prioriteringar.

Konsekvensar for folkehelse

Saka har indirekte, men viktige konsekvensar for folkehelsa gjennom korleis kommunen planlegg, prioriterer og dimensjonerer tenestene framover.

Positive konsekvensar:

- Betre planlegging av kapasitet innan helse og omsorg kan bidra til tryggare og meir tilgjengelege tenester for særleg sårbare grupper
- Satsing på heimetenester, bustadtrapp og velferdsteknologi kan styrka meistring og moglegheit for å bu heime lengre
- Fokus på samlokalisering og meir heilskaplege løysingar kan styrka kvalitet og samanheng i tenestetilbodet

Utfordringar og risiko:

- Stramme prioriteringar og omprioritering av ressursar kan på kort sikt påverka tilbod innan andre område, til dømes oppvekst og førebyggjande arbeid
- Manglande kapasitet, særleg på kort sikt innan helse og velferd, kan gi negative konsekvensar for brukargrupper dersom tiltak ikkje vert gjennomførte i tide

Samla sett vil god oppfølging av identifiserte behov og målretta prioriteringar vera avgjerande for å sikra positive folkehelseeffektar.

Økonomiske konsekvensar

Analysane viser eit samla investeringsbehov på om lag 7 milliardar kroner fram mot 2046, med særleg vekst innan helse og velferd.

Eit så høgt investeringsnivå vil medføra:

- auka lånegjeld og dermed auka finanskostnadar (renter og avdrag)
- redusert økonomisk handlingsrom i driftsbudsjettet
- behov for tydelege prioriteringar og avgrensing av prosjektporteføljen

Driftskonsekvensane er betydelege. Til dømes vil ein ny sjukeheimplass ha ein årleg driftskostnad på om lag 1 million kroner, og ny sjukeheim med 80 plassar vil kunna auka driftsutgiftene med om lag 80 millionar kroner årleg frå 2028/2029.

Samtidig vil demografiske endringar gi både auka inntekter (gjennom rammetilskot knytt til fleire eldre) og reduserte inntekter (som følgje av færre barn og unge). Dette stiller krav til omstilling og tilpassing av tenestetilbodet.

Kommunedirektøren vurderer at dei samla behova er vesentleg høgare enn det kommunen realistisk kan finansiera og gjennomføra. Dette gjer det nødvendig å:

- prioritera hardare mellom tiltak
- finna meir kostnadseffektive løysingar
- vurdera alternative gjennomføringsmodellar, inkludert samarbeid med private

Det er vidare viktig å understreka at anslaga i investerings- og driftsanalysen er baserte på overordna vurderingar og nøkkeltal. Dette inneber at det er knytt usikkerheit til både kostnadsnivå og behov, særleg for tiltak langt fram i tid.

Vurdering og konklusjon

Behovsanalysane og arbeidet med Øygarden 2040 representerer eit viktig steg i retning av ei meir kunnskapsbasert og langsiktig styring av kommunen. Kommunedirektøren vurderer at Øygarden 2040 er eit sentralt verktøy for å sikra heilskapleg samfunns- og

Økonomiplanlegging, der prioriteringar på kort sikt i større grad vert sett i samanheng med langsiktige behov og berekraft. Dette er avgjerande for å sikra at investeringar som vert vedteke i dag, også står seg over tid – både fagleg og økonomisk.

Samtidig er det viktig å understreka at både prosess og metode framleis er under utvikling. Arbeidet med behovsanalysar og langsiktig investerings- og driftsplanlegging er relativt nytt i kommunen, og administrasjonen ønskjer ein tett og god dialog med politisk nivå i den vidare utviklinga. Målet er å sikra at både dokumenta og prosessen vert opplevde som relevante, forstålege og nyttige som beslutningsgrunnlag for politiske prioriteringar.

Behovsanalysane viser samla sett eit svært omfattande behov for investeringar framover. Kommunedirektøren vurderer at dei identifiserte behova ligg vesentleg høgare enn det kommunen realistisk vil ha økonomi og gjennomføringsevne til å realisera. Dette inneber eit tydeleg behov for prioritering på tvers av sektorar og tiltak.

Ein sentral del av dette biletet er dei demografiske endringane, med sterk vekst i talet på eldre innbyggjarar. Dette vil krevja ei gradvis omstilling der ressursar i større grad vert prioriterte til helse- og omsorgstenester. Samstundes vil dette kunne innebera vanskelege prioriteringar, der midlar må flyttast frå andre område, mellom anna barn og unge. Øygarden 2040 bidreg til å synleggjera desse utviklingstrekk og gir eit viktig grunnlag for å ta slike strategiske val.

Kommunedirektøren vil peika på at det, i tillegg til prioritering, er avgjerande å arbeida aktivt med nye og meir kostnadseffektive løysingar. Dette gjeld både innanfor investering og drift. På investeringssida kan det vera aktuelt å vurdere nye samarbeidsformer med private aktørar. På driftssida er det særleg viktig å leggja til rette for løysingar som gir best mogleg utnytting av ressursane, til dømes gjennom samlokalisering av tenester og meir fleksibel bruk av personell. Dette er særleg viktig i lys av framtidig tilgang på arbeidskraft. Bemanningsutfordringar, spesielt innan helse- og omsorgstenestene, vil vera ein av dei største risikofaktorane framover. Gode strukturelle val i dag vil kunne bidra til betre ressursutnytting og meir robuste tenester i framtida.

Kommunedirektøren vil vidare understreka at behovsanalysane må sjåast på som eit dynamisk kunnskapsgrunnlag. Det er lagt opp til at analysane skal reviderast på nytt, og det er viktig at desse vert gjenstand for grundig behandling både i råd og fagutval. Dette vil bidra til å styrka eigarskap, kvalitet og relevans i det vidare arbeidet.

I tillegg er det behov for å følgja opp analysane med konkrete saker om tiltak som krev politiske vedtak i økonomiplanperioden. Desse vil verta lagde fram hausten 2026, med sikte på brei politisk involvering og gode prosessar i råd og utval. Denne saka har difor først og fremst som føremål å gi eit samla kunnskaps- og innsiktsgrunnlag inn i arbeidet med økonomiplan 2027–2030.

Avslutningsvis vil kommunedirektøren peika på at analysane byggjer på overordna vurderingar og nøkkeltal. Det er knytt usikkerheit til både behovsestimater og kostnadsnivå, særleg for tiltak som ligg langt fram i tid. Tala må difor forståast som grove estimater, og vil måtte konkretiserast nærare i samband med vidare planlegging og politisk behandling av einskildprosjekt.

Formannskapet 09.06.2026:

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet - 09.06.2026 - 056/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret tek saka til orientering som kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med økonomiplan 2027–2030.
2. Kommunestyret ber om at konkrete tiltak for handtering av kortsiktige behov vert lagt fram som eigne politiske saker hausten 2026, med involvering av råd og utval.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Eilert Hellesøy (KrF) hadde permisjon.

Votering

Formannskapet si tilråding (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.06.2026 - 068/26

1. Kommunestyret tek saka til orientering som kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med økonomiplan 2027–2030.
2. Kommunestyret ber om at konkrete tiltak for handtering av kortsiktige behov vert lagt fram som eigne politiske saker hausten 2026, med involvering av råd og utval.